

## Merknadssamandrag TS-plan, planforslag

Hovudsaksnr. 2019/625

Saksnr. Merknader: 2020/872

Merknads Nr.	Dnr.	Merknad frå:	Merknad:	Type merknad	Kommentar til merknad
M-1	58	Gunnar Helleland	Det bør/må nyttast rekkverk type dobbelt for å skilje gangveg og bilveg. - tryggare for mjuke trafikantar (vanskelegare å ramle av vegen, nærare umoglege å bli påkøyrt, vatn renn lettare av vegen) - Mindre areal enn ved grasplen, mindre kostnader	Generell Utforming GS-veg Terje Vidar?	Merknaden vert ikkje teke inn i revidert planforslaget, men svart ut i saksframlegget. Uttale frå VFK: Fordelar og ulemper med alt. I vegnormalen er det skildra trafikkdelar ved fartsgrense >50 km/t. Dette kan vere ein «rabatt» som skiljer dei to parallelle vegelementa. Fartsgrensa avgjer breidda på «rabatten»: 50-60 km/t - 1,5m. 60 – 80 km/t - 3 m. Der det ikkje er mogleg å oppnå avstanden, skal det brukast rekkverk. Det som skildrast som dobbelt rekkverk, er det ein kallar «stivt rekkverk», ein av fleire typar rekkverk. Trafikkmengda, fartsgrensa, stadlege tilhøve og breidda på gang- og sykkelveg avgjer type rekkverk. Som det står i rekkverkshandboka, er rekkverk eit faremoment i seg sjølv, og bør unngåast om det er mogleg. Ein har hatt dødsulukker der syklistar har køyrt på rekkverksendar og omkomme som følgje av dette. Rekkverk tek ofte sikt, og kan føra til ulukker. Poenget med drenering bør løysast med eigna anlegg for overflatevatn. Konklusjonen blir at der det er mulig skal det planlegges og bygges et trafikkskille i form av en rabatt. Ligg gang- og sykkelvegen i ei skarp kurve, der det kan vere ein utforkøyingsrisiko, kan det òg setjast opp rekkverk i kurva sjølv om trafikkskiljet er i form av ein rabatt.
M-2	59	Bengt Ole Myklebust	Innspel: utviding av forbikøyringforbodsone i Uskedalen - frå Korsnes til Uskedal bru - mange stygge forbikøyringar, avkøyrsler	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-3			Høgare prioritet: GS-veg frå Uskedalen bruk til Børneset, FV500. - dårleg ljossett, smal veg, gjennomgangstrafikk	Høgare prioritet - ID 64	Vurdert, og ikkje endra prioritering i revidert planforslag
M-4			Asfalt i heile kommunen	Generell	Vert ikkje teke inn i revidert planforslag. Prosentvis blir det meir og meir asfalt i kommunen. 100 % ligg langt fram i tid.
M-5	60	Kvinnherad kommune v/Hallingstad	Innspel: Privat veg, Elvaborgjo, frå brannstasjon i Rosendal til Steinparken. Tilkomst veg til Ullvaren og Borgjo Bufellesskap. Stadig meir i bruk av lokale og besøkjande, svært dårleg forfatning, smal og vegetasjon. Vegen er tilkomst veg til Ridehall (som inkluderer store tilhengjarar og forlevering). Vegen bør utbetrast	Konkret nyt innspel	Vert ikkje teke inn i revidert planforslag. Er ein privat veg. Om vegen skal overtakast av kommunen, tek ein ikkje stilling til her.
M-6	61	NVE	Ingen merknadar.	-	-
M-7	62	FAU Mauranger	Tiltaka har for låg prioritet, må prioriterast høgare - stor gjennomgangstrafikk, manglande tilrettelegging for barn og unge, aukande trafikk, trafikkontrollar viser høg fart - Viser til tidlegare møte med politikarar og administrasjon, mange lovnadar, ingen gjennomføring a. Avkøyrsla til Mauranger skule og barnehage må utbetrast: avkøyrsla nære	Høgare prioritet - 12-20 s. 43	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokaparsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-8			b. Fartsgrensa gjennom Sundal sentrum senkast til 40 km/t: strekninga har dårleg sikt, manglar samanhengande fortau, dårleg ljossett, krev tiltak som held farta nede (fartsemparar)	Høgare prioritet - ID 189	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokaparsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-9			c. Brua i Austrepollen: Bør gjerast strakstiltak - 90-graders sving, høg fart, mange trailera køyrer i rekkverket grunn skarp sving. Alternativ løysing eiga gangbru.	Har allereie høgaste prioritet - ID 81, 190	Har allereie høgast prioritet, og er merka som strakstiltak i revidert planforslag.
M-10	63	Kristian og Signe Bondhus-Jensen	Høgare prioritering på vegen gjennom Sundal - Farleg veg, høg fart og aukande trafikk, smal vegskulder, ikkje gangfelt, dårleg sikt Betre sikt over brua og ved innkøyring til Mauranger skule	Høgare prioritet - 12-20 s.43	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokaparsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-11			40-grense gjennom heile Sundal, og tiltak som gjer at det vert etterlevd (fartsdempar)	Høgare prioritet - ID 189	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokaparsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-12			Opphøgd gangfelt	Konkret nytt innspel (det med opphøgd)	Tiltaket er lagt inn i revidert planforslag, men ein må sjå på alternative løysingar i tillegg. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokaparsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-13			Skikkeleg skilting og merking i vegbana på fartsemparane på Bondhus	Konkret nytt innspel	Tiltaket er lagt inn i revidert planforlag, med høgaste prioritering. Det skal utbeidast ein plan for parkering i Sunndal (Bondhusdalen), og trafiktryggleik vil vere ein viktig del av denne planen.
	64	Vestland Fylkeskommune	Folkehelse: Saknar kopling til folkehelseoversikta. Kunnskapsgrunnlaget til KDP for trafikksikring bør inngå i kommunen si samla folkehelseoversikt. Saknar referanse til regional plan for folkehelse for Hordaland. Menom anna har innsats knytt til at fleire skal gå og sykle til skulen. For å nå dette målet, er det eit viktig grep at kommunen planlegg å gjennomføre vurdering av særleg fagleg skuleveg som planlagt i innsatsområde 4.	Kristian Helgesen	Kopling til folkehelseoversikta innarbeidast i planen. Kunnskapsgrunnlaget til KDP inngår i kommunen si løpande folkehelseoversikt/del 2 Kunnskapsgrunnlaget.
			Satsinga på trafikksikkerkommune og skular er eit viktig og godt befolkningsretta folkehelseiltak. Kommunen bør vurdere å legge til barnehagar inn i dette.	Kristian Helgesen	Regional plan for folkehelse for Hordaland vil bli innarbeid i kapittel "Regionale og nasjonale føringer" Lagt inn nytt punkt for innsatsområde 4: Utbygginga av GS-nettet står sentralt i Kvinnheradpakken.
			Universell utforming i trafikksikringsarbeidet bør sjåast på som eit gjennomgåande innsatsområde og løftast inn som eit satsingsområde.	Kristian Helgesen	"Barnehagar" har falt ut i planforslaget. Er tatt inn no. Barnehagar er fullt integrert i trafikksikker kommune. Omtale levekårsutvalet si rolle i trafikksikker kommune
			Infrastruktur og veg - tiltak langs FV er styrt av vegnormalar, kriterie må vera oppfylt med få unntak. - fartsgrense 50 km/t og lågare berre i tettbygde strøk - gangfelt; konsentrerte kryssingar, stor biltrafikk, falsk trygghetskjenle	For svar: Trygg trafikk? Terje Vidar Hoel	UU bør omtalast generelt i planen, men ikkje som eiga satsingsområde. UU er allereie eit gjennomgåande krav. Merknaden sikter til at uu berre ligg som innsatsområde for eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetting. Det er lagt inn som eit punkt under innsatsområde 7.
	65	Fylkesmannen i Vestland	a. Saknar tidvis ei vurdering/nyansering av dei funn som er gjort (ulukkesanalyse)		Arbeidsgruppa for TS-planen gjer eit arbeid med å vurdere dei funna som er gjort jamfør merknad, og kjem med tillegg til kapittelet «Ulykkesanalyse».

			b. Tiltrå kommunen å vurdere å etablere system for registrering av nestenulykker og tilløp til ulykker for å eit enda betre grunnlag for prioritering. Føremålstenleg å etablere eit system for høvesvis avviksmeldingar og bekymringsmeldingar for på sikt å få eit betre grunnlag for å vurdere og prioritere kvar tiltak bør setjast inn.	Politiet Kommunen	Omtalast i saksframlegget. Uttale frå Politiet: Politiet har ikkje noko systematisk system for registrering av nestenulukker. Vi har heller ikkje noko konkret innspel om korleis, og av kven, noko slikt eventuelt skal registrerast. Politiet vil ikkje ta initiativ til ein slik registrering. Vi ser nokon utfordringar i forhold til kvalitetssikring av slik informasjon som oftast blir basert på ei subjektiv vurdering av ein meldar.
			c. Tiltrå kommunen å etablere system for måling av effektar av gjennomførte trafikktryggingstiltak. Dette m.a. fordi tiltak tidvis kan virke mot si hensikt. Eit døme på dette er oppsetjing av gatelys. Intensjonen med tiltaket er å auke tryggleiken gjennom å skape betre oversikt. Dessverre kan denne tryggingsevinsten verte «spist» opp av auka tryggleikskjensle, noko som i sin tur kan medføre at bilistane køyrar fortare, med påfølgjande hyppigare ulykkesfrekvensar og større konsekvensar, jf. teoriar om		Om det på noko måte vert utabeidd eit godt system for måling av effektar av gjennomførte trafikktryggingstiltak, er Kvinnherad kommune veldig interessert i å ta i bruk eit slikt system. Men i forkant av eit tenkt tiltak, bør kanskje det gjennomførast skikkelege undersøkingar for å sjå om eit tiltak kan ha uheldige effektar.
M-14	66	Jarle Øvrehus	50-sona bør flyttast lenger mot Folgefonntunnelen, for å få ein lenger trafiksikker sone. Bør inkludere landbruksavkøyrsla	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-15	67	Røyndal Vel m. fleire	a. Ferdistilling GS-veg til busstopp i nord, FV500	Har allereie høgaste prioritet - ID 37, 108	Har allereie høgaste prioritet i planforslaget.
M-16			b. Fortau mellom nedkøyrsla og busstopp sør (meiner dei i nord?)		Ikkje lagt inn i revidert planforslag. Truleg meiner innsendar avkøyrsla og busstoppet i nord. Dette vil vere ein del av innspelet om utbetring av avkøyrsla, M-20
M-17			c. Fotgjengarfelt både ved nordre (før busstopp) og midtre avkøyrsla (vis a vis vegen til Øvre Neslia) til nedre Neslia.	Delvis dekkja av 119g og h, adm. s. 43. allereie høg pri.	Allereie høgaste prioritet i planforslaget
M-18			d. Fartsdemperende tiltak: Flytting av skilt med nedsett fartsgrense 60 ca. 200 m nordover til nordsida av svingen.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-19			e. Vegljøs langs heile den nye GS-vegen	Nytt konkret innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-20			f. Utbetra nordre avkøyrsla (bratt skråbakke) - etterlyst i fleire år	Nytt konkret innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-21	68	Bondhus grunneigarlag	Utfordringar knytt til auka turisme i Sundal: a. Skikkeleg skilting av fartdemparar, i begge retningar.	Høgare prioritering - ID 189	Endra til høgaste prioritering i revidert planforslag
M-22			b. Tydeleg markering med måling av fartdemparar	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-23			c. Tiltak for å redusere farten på veg nedover frå parkeringsplassen mot Bondhus, t.d. fartdemparar, rumlefeldt, mellombels fartdemparar o.l.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-24			d. Oppmerka plass for buss på parkeringsplassen som kan slipast vekk.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-25			e. Høgare prioritering: Redusere farten gjennom Sundal FV500,	Høgare prioritering - ID 189	Endra til høgaste prioritering i revidert planforslag
M-26			f. Betra det langsiktige parkeringstilbodet i Sundal (mellom anna til Bondhusdalen) - vil betra trafikktryggleiken	Nytt konkret innspel - skal lagast ein regplan for dette.	Lagt inn i revidert planforslag Det skal utabeiddast ein plan for parkering i Sundal (Bondhusdalen), og trafikktryggleik vil vere ein viktig del av denne planen.
M-27	69	Ottar Eide m. fleire	Trafikksikring i Sundal grunna auka trafikkmengd, høg fart m.m. - Høgare prioritering. a. Farthumpar: mellom Leite og Neset, i sentrum før og etter nedkøyring til kaien,	Høgare prioritering - ID 181	Endra til høgaste prioritering i revidert planforslag
M-28			b. 40-fartsgrense gjennom Sundal	Høgare prioritering - ID 182	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokarsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-29			c. Fotgjengarovergang	Høgare prioritering 12-20 s. 43	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokarsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-30			d. Vegljøs: frå Leite til Neset tilrettelagt for vegljøs, men framleis ikkje kome på plass.	Allereie høgaste prioritering adm. s. 49	Har allereie høgaste prioritet i planforslaget.
M-31			e. Fortau: langs FV500, samt ned mot kaien. Samanheng med fotgjengarovergang.	Delvis nytt innspel.	Fortau ned mot kaien på privat veg vert ikkje handsama i denne planen. Planen for parkering i Sundal/Bondhusdalen vil truleg tamne om dette arealet.
M-32	70	FAU Sunde skule	Skuleveg frå Slettestølen og ned Hamrabrekko: auka prioritering til høg prioritering, og stille spørsmål til markeringa <i>langsiktig prioritering</i> - meiner det bør vere strakstiltak.	Høgare prioritering - ID 159, og ikkje langsiktig, men strakstiltak.	Endra til høgaste prioritering i revidert planforslag. Fjernast langsiktig tiltak, men vert ikkje sett til strakstiltak då det vert utarbeidd eit planforslag for området (områderegulering Sunde)
M-33	71	Einar Holsvik	Vurdere alternativ til GS-veg langs køyreveg (ofte FV) - til dømes turveg langs sjø, rundt bygda, naturlege trasear. Døme på stader med moglegheit for alternativ til GS-veg langs FV: Uskedalen, Rosendal, Halsnøy (Sæbøvik til Eidsvik)	Generelt innspel	Innspelet er teke til orientering. Ikkje inn i revidert planforslag, men generelt er trenden at ein arbeidar med alternative trasear for mjuke trafikantar i ulike planarbeid. Slike løysingar kan vere ei utfordring knytt til UU.
M-34	72	Caroline Steine og Harald Andreassen	Kulturbygd, med mange mjuke trafikantar. Manglar fortau, fotgjengarovergang, høg fart, a. Skilting i retning aust-vest, frå Austrepollen - for lite tydeleg. Skilt bør flyttast kring	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-35			b. Høgare prioritering - redusert fartsgrense til 40 km/t	Høgare prioritering - ID 182	Endra prioritet i revidert planforslag - Høgast prioritering. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokarsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-36			c. Forlenging av fortau vestover frå skulen til busshaldeplass.	Delvis nytt innspel.	Vert ikkje teke inn som eit konkret innspel i revidert planforslag. Detaljregulering 20180004 omfattar utbygginga av Krokarsellen. Det vil bli gjennomført TS-tiltak som del av Kvinnheradpakken.
M-37	73	Hatlestrand skule	Trafikksikker skuleveg Haltestrand skule. Generelt på Varaldsøy er det mangel på vegljøs, fortau, smal vegbane og tett vegetasjon der born og unge ferdest. a. Manglar vegljøs mellom ferjekaien og bedehuset.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-38			b. Ingen vegljøs mellom bedehuset og Gjuvsland	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-39			c. Tett vegetasjon mellom bedehuset og Gjuvsland - byggefeltet Kamphaugen ligg på denne strekninga	Konkret nytt innspel	Ikkje teke inn i revidert planforslaget då det er snakk om rein drift, og rein drift tek ein ikkje som eigne tiltak i TS-planen.
M-40			d. Mangelfull ljøssetting mellom Aldersheimen og Trå skule/barnehage (fire ljøspunkt)	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-41			e. Generelt på Ølve mangel på vegljøs, og smal vegbane.		Lagt inn i revidert planforslag

M-42			f. Mellom Ølve ungdomshus og til Dalsjø er vegen smal og utan fortau. Sving ved Ølvesvegen 541 er svært uoversiktleg og utan plass for passering av to bilar og fare for at fotgjengarar kan koma i skvis mellom bil og autovern/mur.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-43			g. Trangt mellom Ølvesvegen 503 og hovudvegen - må inn på parkeringsplassen ved passering av bil. Hus står 0,5 m frå vegen.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-44			h. Brua på Dalsjøen (Husabrua) er svært smal og ikkje passering for bil og person	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-45			i. Mellom Tråvik og Nerhus er det ikkje vegljøs og vegen er smal. Ved Ølvesvegen 622, 623 og 624 er det ein uoversiktleg sving og smal vegbane. Må gå på feil side av vegen om ein kjem frå Nerhus og kjem det bil må ein gå ut på bakken. Ikkje passering for to	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag
M-46		Ivar gundersen m. fleire	Ynskjer ny utkøyring på FV500 frå 123/173, 121 og få ei vurdering av alternativ trase for vegutløysing for nevnte eigedomar. Utkøyringa i dag vert opplevd som farleg og utilgjengeleg og er utan sikt til passerande trafikk. Viser til tiltak: Adm. Punkt Fv.500	Konkret nytt innspel	Ny avkøyrsløse til Korsnes Sør er teke inn i planen. Sjølve vegen i Korsnes sør er privat, og denne tek tek ein ikkje med inn i planen.
M-47		Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Ynskjer fokus på universell utforming, fortau, gode ljøs. Samt utbetring av sikt på nedsida av vegen.	Generelt innspel.	UU er allereie eit gjennomgåande krav, og må takast omsyn til i alt ein gjer. Somme stader må ein vurdere tilgjenge i staden for UU grunna topografi og liknande. Lagt inn punkt på innstasområde 7.
M-48			a. Langgot-teigen: grunna mykje hjort og høg fart --> vegljøs langs strekninga	Delvis nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-49			b. Det må vera mogleg å kome opp og ned frå alle fortau, plass til rullestol, opplyste. Planlagte overgangar og universelt utforma.	Genrelt innspel om utforming Terje Vidar Veg og park	Lagt inn som punkt under innsatsområde 7.
M-50			c. Høgaste prioritet: ID nr 12-20 slettanaset i Høylandsbygd, der er det ikkje plass til rullestolbrukarar	Høgaste prioritering 12-20 s. 38	Er vurdert, men prioriteringa vert ikkje endra i revidert planforslaget.
M-51		76 Statens vegvesen	Trafikktryggleik må òg vektleggast når nye tiltak skal planleggast. Saknar difor ein omtale av trafikktryggingsarbeidet sin plass og rolle i høve til andre kommunale planar. Både ved rullering av kommuneplanen sin arealdel og ved utarbeiding av reguleringsplanar må trafikktryggleik prioriterast slik at ein i neste omgang ikkje må inn	Hildegunn svarar ut dette.	Trafikktryggingsarbeidet skal, i Kvinnherad kommune, vere forankra og takast vare på i all planlegging, sakshandsaming og i politiske vedtak. Dette er allereie omrømt i kapitlet "Organisering av trafikksikringsarbeidet". Ansvar for dei ulike politiske utvala har knytt til trafikksikring i planarbeidet er påpeika.
M-52			Med tanke på framtidig rullering av trafikktryggingsplanen, vil systematisk registrering av nestenulukker vere av interesse. Dette er truleg vanskeleg å få til i full skala, men i tilknytting til skuleveg bør det vere mogleg.	Norconsult Veg og park Politiet??	Omtalast i saksframlegget. Uttale frå Politiet: Politiet har ikkje noko systematisk system for registrering av nestenulukker. Vi har heller ikkje noko konkret innspel om korleis, og av kven, noko slikt eventuelt skal registrerast. Politiet vil ikkje ta initiativ til ein slik registrering. Vi ser nokon utfordringar i forhold til kvalitetssikring av slik informasjon som oftast blir basert på ei subjektiv vurdering av ein meldar.
M-53		77 Husnes vekst	a. GS-veg mellom Hidlervegen og Sentrumsvegen bak "Hybelhuset"	Konkret nytt innspel	Er vurdert, men vert ikkje teke inn i planen. Ikkje kommunale veg eller eigedom.
M-54			b. Gang- og sykkelbru parallelt med Hellandsbrua.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-55			c. Opsangervegen må bli forkøyrsvog med fartgrense 40 km/t.	Konkret nytt innspel	Opsangervegen er forkøyrsvog i dag. Fartsgrensa er vurdert ved utbygging av Opsangervegen og vert ikkje endra. Ikkje med i revidert planforslag.
M-56			d. Heile det indre sentrum, Sentrumsvegen, Lonavegen og Heiamyro frå krysset ved COOP sørover til Lonavegen må få status miljøgate og nedsett fartsgrense til 30 km/t	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag. Detaljregulering pågåar – KDP regionsenter Husnes
M-57			e. Kryssingspunkta for gåande over Opsangervegen må lysesetjast langt betre.	Konkret nytt innspel	Er lagt inn i revidert planforslag. Må vurdere vidare om det treng ny ljøskjelde, eller endring av ljøspære.
M-58			f. Vegljøs på den mørke Sentrumsvegen frå Opsangervegen opp forbi hotellet	Konkret nytt innspel	Er lagt inn i revidert planforslag.
M-59			g. Fv44 - Gang og sykkelveg, vegutbetring og gateljos frå gamleskolen til krysset ved Boganes	Konkret nytt innspel	Er lagt inn i revidert planforslag.
M-60			h. Fv44 – Kaldestadvegen mellom Korsvegen og Bedehuset: vegstykket er svært smalt, uoversiktleg og svingete. Det manglar vegskuldrar slik at gåande må gå i vegbana og kryssa vegen før svingar. Det er stadvis så smalt at to bilar ikkje kan passera kvarandre. Vegen tener både gjennomgangstrafikk, industri og både gamle og nye bustadområde. Det må snarast gjerast strakstiltak dei verste stadene og utarbeidast plan for permanent gang/sykkelveg og vegutbetring frå Røssland til Kaldestad	Eksisterande tiltak med høg prioritet.	Ligg allereie inne i planforslaget med høgaste prioritering. Planarbeidet for Kaldestadvegen er i gong.
M-61			i. Fv44 – Lys i rundkøyringa mellom Opsangervegen, Heiamyro og Onarheimsvegen	Konkret nytt innspel	Kommunen vurderar dette som driftsutfordring særskilt då dette er ein ny veg, og vert ikkje ein del av tiltaka i TS-planen. Må løysast på andre måtar.
M-62			j. Fv44 – Mellom pumpestasjonen til Hydro Husnes og turvegen bak Europris. Opparbeida påkobling til turveg langs vatnet på utsida av Fv44 ved å forlengja den påbegynte muren i vatnet vestover bak det nye busstoppet og fram til turvegen.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-63			k. Veg mellom Fv44 ved Samspel og industriområdet nordaust for Hydro Husnes: knyta Husnes sentrum tettare saman med industriområdet, enkelt og trygt for gåande og syklande både for dei som arbeidar der og dei som har ærend der.	Konkret nytt innspel	Vurdert og vert ikkje teke inn som tiltak i planforslaget. Er ein privat veg. Om vegen skal overtakast av kommunen, tek ein ikkje stilling til her. Mogleg ein kan løyse dette gjennom reguleringsplanarbeid i framtida.
M-64			l. Opsangervegen - Rundkøyringa ved skulane - manglar ljøs.	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag. Må vurdere om det trengs ny ljøskjelde, eller endring av ljøspære.
M-65			m. Lys i gangfelt i Røsslandsvegen nord om barneskulen, ny oppmerking. Kraftigare ljøs.	Konkret nytt innspel	Dette tiltaket er allereie gjennomført. Ikkje inni planforslaget.
M-66			n. Fv43 Gatelys på Toralivegen frå krysset med Opsangervegen og ned til	Konkret nytt innspel	Lagt inn i revidert planforslag.
M-67			o. Regulere og bygge med gang og sykkelveg på heile strekninga Reset-Sunde ferjekai	Ein del av KvP-7	Ligg inne i planforslaget som ein del av KvP-07.
M-68			p. Parkeringstilhøva ved Sunde snøggåtkai. Parkeringsplassen og inn utkøyrslar må få fast dekke og merkast opp, skiltast og få gatelys.	Konkret nytt innspel - arbeidet er i gong.	Arbeidet med utbetring av parkeringstilbodet ved Sunde ferjekai er i gong, og tiltaket vert ikkje teke inn i planforslaget.
M-69			q. Lysesetja Postvegen frå Askedåso via Teigen over Teigadalen til Eikeland. Mykje nytta både til nyttetraffikk og fritidsbruk/trim av gåande og syklande.	Konkret nytt innspel.	Innspelet er vurdert, men vert ikkje teke inn i revidert planforslaget denne gongen. Privat veg.
M-70			r. Fv48 - Gatelys gjennom Teigen.	Konkret nytt innspel (del av M-48)	Lagt inn i revidert planforslag.
M-71			s. FV48 - Teigen: Det bør komma på plass eit gangoverfelt ved postveg kryssinga.	Konkret nytt innspel.	Lagt inn i revidert planforslag.